

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 09.11.16
SAKSHANDSAMAR: Leif Terje Alvestad
SAKA GJELD: **Investeringsbudsjett Helse Fonna HF 2017**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **073/16**

STYREMØTE: **25.11.16**

Forslag til vedtak:

1. Styret vedtek investeringsbudsjett for Helse Fonna HF for 2017
2. Administrerende direktør får fullmakt til å gjere naudsynte endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret gjev administrerende direktør fullmakt til å gjere justeringar og endringar innanfor ramma av det vedtekne investeringsbudsjettet

Innleiing

Helse Fonna investerer årleg i bygg, tekniske anlegg, medisinsk teknisk utstyr, IKT, køyretøy og anna utstyr. Midlane til investeringar skal sikre at bygg og tekniske anlegg i føretaket er forsvarlege og i tråd med myndigheitskrav og at føretaket har naudsynt medisinsk teknisk utstyr som sikrar god pasientbehandling.

Finansieringsgrunnlag

Beløp i heile tusen kroner	2016	2017
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlaget	30 000	40 000
+ Avskrivning	132 781	130 338
+ Nedskrivning anleggsmidler i fjor	2 540	0
= Kontantstrøm fra driften	165 321	170 338
- Resultatawik fjoråret , eskl nedskrivninger	-5 823	0
+ Opptak av nye lån	0	0
- Avdrag lån	-15 085	-15 085
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-6 069	-8 123
+ Salg av anleggsmidler	2 290	0
+ Gaver	0	0
+/- Likviditet overført fra i fjor	140 369	177 004
+/- annet	0	0
Finansieringsgrunnlag investeringar	281 004	324 134

Beløp i heile tusen kroner	2016	2017
ByggHgsd2020	25 000	60 000
Bygg	40 000	28 800
Medisinteknisk utstyr	30 000	40 000
Anna	9 000	11 200
Investeringsprosjekt overført fra i fjor	0	0
Sum investeringar	104 000	140 000
Overføring av "rest-likviditet" til året etter	177 004	184 134

Administrerande direktør ventar at finansieringsgrunnlaget til investeringar for 2017 vil bli 324,1 millionar kroner. Med eit investeringsbudsjett på 140,0 millionar kroner, inkludert 60 millionar kroner til ByggHgsd2020, vil ein kunne overføre 184,1 millionar kroner av finansieringsgrunnlaget til 2018. Dette vil vere med på å sette av kapital til vidare investering i nybygg. Ved utgangen av 2017 har Helse Fonna opptent eit finansieringsgrunnlag (inklusiv brukt 85 millionar kroner til byggHaugesund 2020) på totalt 269,1 millionar kroner av eit totalt behov på 567,0 millionar kroner. Dei resterande 297,9 millionar kronene planlegg føretaket å tene opp i perioden 2018-2023.

Administrerande direktør justerte resultatprognosen for føretaket 2016 til 30 millionar kroner i sak 49/16. I langtidsbudsjettet, handsama av styret i Helse Fonna HF i sak 33/16, var det satt opp investeringar for totalt 150 millionar kroner i 2017 inklusiv nybygg. Som følge av redusert prognose for 2016 foreslår administrerande direktør å redusere investeringsnivået til totalt 140 millionar kroner i 2017 for å behalde likviditet og investeringsevne.

Investering ByggHgsd2020

Beløp i heile tusen kroner	Totalt		Totalt pr		
	ByggHgsd2020	2016	2017	2017	2018-2023
Investering	1 890 097	25 000	60 000	85 000	1 805 097
Bruk av finansieringsgrunnlag(30% egenfinansiering)	567 029	25 000	60 000	85 000	482 029
Opptent ikkje brukt finansieringsgrunnlag				184 134	
Opptent finansieringsgrunnlag både brukt/ubrukt				269 134	297 895

Investeringsplan

Planlagt investering, eksklusiv ByggHgsd2020	Antatt budsjett
Investeringar i bygg	
Brannoppgraderingar	2,00 mill
Reinvestering i bygningar	6,20 mill
Mindre bygningsmessige ombyggingar	4,90 mill
Ombyggingar for MTU installasjonar	3,40 mill
Helse miljø og sikkerheitstiltak	0,50 mill
<i>Sum investeringar i bygg</i>	<i>17,00 mill</i>
Investeringar i tekniske anlegg	
Reinvestering i tekniske anlegg	11,80 mill
<i>Sum investeringar i tekniske anlegg</i>	<i>11,80 mil</i>
Medisinsk teknisk utstyr (fordelinga mellom postane kan endrast)	2017
Enkeltinnkjøp over 5 millionar kroner Inklusiv MR 1,5T Haugesund	12 mill.
Strategiske investeringar / investeringar over minst 2 år. <ul style="list-style-type: none"> • Hygienemaskiner inklusive autoklaver • Dialysemaskiner • Utstyr for endoskopi • Infusjonspumper • Utskifte føde/barsel utstyr 	6 mill.
Enkeltinnkjøp under 1 million 2017	7 mill.
Utestående enkeltinnkjøp under 1 million overført frå 2016	15 mill.
<i>Sum medisinsk teknisk utstyr</i>	<i>40 mill.</i>
Andre investeringar	
Ambulansar og administrative kjøretøy	8,40 mill
Tele og signal	0,55 mill
Anna utstyr	2,25 mill
<i>Sum andre investeringar</i>	<i>11,20 mill</i>
SUM investeringar 2017, eksklusiv ByggHgsd2020	80,0 mill

Bygg og anlegg:
Brannoppgraderingar

1. Hausten 2012 blei det stadfesta av branntilsynet at Odda sjukehus ikkje tilfredsstillar gjeldande lov og forskrift. I perioden 2014 - 2016 har ein gjennomført fleire av dei tiltaka som er nedfelt i den handlingsplanen som føretaket har utarbeida i samarbeid med brannteknisk rådgjevar. Det vil vere naudsynt å fortsette arbeidet med brannsikring av Odda sjukehus i 2017.
2. I 2014, 2015 og 2016 har ein gjennomført omfattande brannsikringstiltak og mange av dei tiltaka som kjem fram i handlingsplanen er lukka. Diverre fekk ein ikkje gjennomført alle dei tiltaka som ein hadde planlagt i 2016. Det vil derfor vere naudsynt å fortsette arbeidet med brannsikring ved Stord sjukehus i 2017.

Reinvestering i bygningar og tekniske anlegg

Helse Vest RHF har gjennom styringsdokumentet sett krav om at føretaket skal utarbeida ein plan for forbedring av minimumstilstand for bygningane. I juni 2013 i sak 59/13 A blei føretakets plan for å nå minimumsstandard for føretakets bygningssmasse godkjend av styret i Helse Fonna HF.

Planen som er utarbeidd inneheld ein strategi for vedlikehald av bygningsmassen og er basert på at følgjande tiltak blir gjennomført:

- 1) Sanering og avhending
- 2) Arealutvikling og nybygg
- 3) Investeringsbudsjett
- 4) Drift- og vedlikehaldsbudsjett

I budsjettet har ein prioritert midlar til rehabilitering av eksisterande bygg og tekniske anlegg som er ferdig skreve ned i regnskapet (teknisk forelda). Prioriteringa er i samsvar med strategien om å redusere vedlikehaldsetterslepet og forbetra samla tilstandsgrad.

Reinvesteringar i bygningar

I budsjettet er det sett av midlar til å utvide eksisterande dialyseseksjon ved Haugesund sjukehus. Dette for å auke kapasiteten til å behandla fleire dialysepasientar.

Mindre bygningsmessige ombyggingar

Det er avsett midlar til å påbyrja arbeidet med å rehabiliterer sengerom i 4 og 5 etasje midt-blokk Haugesund sjukehus (teknisk infrastruktur etc).

Helse miljø og sikkerheit

Den overordna HMS handlingsplanen for føretaket har blitt oppdatert i løpet av 2016. Tiltaka som kjem fram i handlingsplanen er prioritert saman med vernetenesta. Målsetjinga er å gjennomføra dei høgast prioriterte tiltaka i handlingsplanen i 2017.

Tekniske anlegg:

Det er behov for å vidareføra arbeidet med å rehabiliterer SD anlegg ved Haugesund og Stord sjukehus.

Det er også sett av midlar til å byrja på arbeidet med å skifta ut branndetektorar ved BUP Haugesund samt Odda og Valen sjukehus. Dette tiltaket vil måtte gå over fleire år.

I budsjettet er det sett av midlar til å skifte ut eksisterande sentral for oksygen og lystgass på Stord sjukehus. Anlegget er teknisk forelda.

Arbeidet med å rehabiliterer adgangskontroll anlegga i Helse Fonna er påbyrja. Anlegga ved Stord og Valen sjukehus er rehabilitert. Målsetjinga er å fortsette arbeidet med rehabilitering av anlegget ved Haugesund sjukehus i 2017 samt få etablert eit adgangskontroll anlegg ved Odda sjukehus.

I 2016 vil ein ferdigstillast arbeidet med å renovera ventilasjonsaggregat KA 5 og KA 15. I avtalen om KA 5 inngår opsjon på renovering av ventilasjonsaggregat KA 4. I budsjettet er det sett av midlar til å løyse ut opsjon på renovering av KA 4. Det er i tillegg avsett budsjettmidlar til å samkjøre ventilasjonaggregata i V og M blokk.

Investeringar i medisinsk teknisk utstyr (MTU)

Investeringar i medisinsk teknisk utstyr for 2017 inneheld ein planlagt enkeltinvestering (MR Haugesund) over fem millionar. Dagens MR ved Haugesund sjukehus må skiftast ut grunna overskriden teknisk levetid. Leverandør kan ikkje garantere tilgang på reservedelar. Beregnet kostnad er 12 millionar kroner.

Strategiske investeringar som er starta (investeringar/utskifte som strekk seg over to år eller meir) er på om lag 6 millionar kroner.

I tillegg kjem 15 millionar frå ikkje effektuerte innkjøp i 2016. Den totala investeringsnivå for medisinsk teknisk utstyr er såleis 40 millionar kroner (25 + 15) i 2017.

Den endelige investeringsprofilen vil kunne endrast innanfor den økonomiske ramme for MTU investeringa.

Andre investeringar:

Kjøretøy

Det er i 2017 planlagt utskifting av fire ambulansekjøretøy og administrative kjøretøy.

Tele og signal - infrastruktur

Helse Vest IKT har tilbakemeldt at de har til hensikt å gjennomføre tiltak knytt til pasientvarslingsystem i Haugesund samt etablere eit Dect system ved Stord sjukehus. Helse Fonna vil i den samanheng etablere naudsynt kabling til desse to tiltaka.

Anna utstyr

Det er planlagt innkjøp av pasientsenger med tilhøyrande utstyr samt utskifting av eit større tal garderoleskap i Haugesund og Stord. Utskifting av garderoleskap i Haugesund må gjerast som følgje av prosjekt Bygg2020.

Gevinstar ved investeringane

Dei årlige investeringane i Helse Fonna er i hovudsak erstatning av eksisterande anleggsmiddel og det er difor ikkje lagt inn forventingar til gevinstar på desse prosjekta. For ByggHgsd2020 er det lagt inn gevinstar på 35 millionar kroner i 2021, med ei opptrapping til 45 millionar i 2023, ref. sak 33/16 om langtidsbudsjett. For dei regionale IKT prosjekta er det samla lagt inn ein gevinst på 13,8 millionar kroner i 2017. Denne gevinsten er spesifisert ned på klinikknivå, men ikkje på alle dei ulike prosjekta. I desse prosjekta vil det utarbeidas meir detaljerte gevinstrealiseringsplaner som vil kunne leggas til grunn i det framtidige budsjettarbeidet.

Prosjekt	Total investering	Samla gevinstmål	Gevinst innarbeida i budsjett 2017	Handlingsplan og forankring	Kommentarar
<i>Byggeprosjekt:</i> ByggHgsd2020	1 890 097	45 000	-	Egen prosjektgruppe for gevinst realisering. Forankring mot styringsgruppen for ByggHgsd2020 og de faglige prosjektgruppene og OU prosessene. Innarbeidet i langtidsbudsjettet	Gevinstene er langtidsbudsjettet planlagt realisert fra 2021 etter nybygget er tatt i bruk
<i>MTU prosjekt:</i>	-	-	-		Ingen større nye MTU prosjekter. De årlige investeringene er i hovedsak erstatning av eksisterende MTU
<i>Andre større prosjekt:</i>					Ingen andre større prosjekt
<i>Regionale prosjektportefølje(IKT):</i> Heliks, Alle møter, Helse Vest Innkjøp	Investering i HV IKT		12 300	Innarbeidet i langtidsbudsjettet og fordelt ut på klinikkene	Gevinstene er ikke spesifisert pr prosjekt/gevinstområde
LIBRA	Investering i HV IKT		1 218	Detaljert gevinstrealiseringsplan behandlet i lokal styringsgrupp for LIBRA og presentert direktørgruppen	
KAPP	Investering i HV IKT		300	Gjennomført og realisert høsten 2016	Reduksjon i kjøp av konsulenttjenester

Administrerende direktør vil følge opp framdrifta for prosjekta innan bygg, anlegg og resten av investeringane og fortløpande rapportere status til styret i Helse Fonna HF.

Budsjettet er drøfta med dei tillitsvalde 15.11.16 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 16.11.16.